



NFU Hordaland fylkeslag  
Reio 15  
5208 OS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4341 - 19/9876

Saksbehandlar:  
Bernt Fjordheim  
Bernt.Fjordheim@lindas.kommune.no

Dato:  
22.03.2019

## Svar på brev om ledsagarordning for personar med utviklingshemming

Viser til brev frå NFU Hordaland datert 07.11.2018.

Lindås kommune har ordning med ledsagerbevis, sjå informasjon på kommunen si heimeside: <https://www.lindas.kommune.no/innhald/helse-sosial-og-omsorg/nedsett-funksjonsevne/sokje-folgjebevis/>

Kommunen har pr 14.03.2+19, til saman 83 brukarar med følgjebevis. Vi har eige søknadsskjema for følgjebevis, ligg på nettsida. Bakarst på søknadsskjema er kommunen sine krav til å få dette konkretisert, sjå tekst i sitat under. Krava skal vere i tråd med nasjonale retningslinjer for følgjebevis.

*MERKNADER: For å kvalifisera til følgjekort må det liggje føre eit openbart behov for bistand for å kunne delta på offentlege kultur- eller fritidsarrangement eller for å kunne nytta seg av offentlege transportmidlar. Den funksjonshemma sitt behov for følgje kombinert med tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmidlar, vil vere avgjerande. Ordninga med følgjekort gjeld for personar med varig funksjonshemming. Det vil seia at sjukdomsperiodar ikkje kvalifiserer til følgjekort. Som varig reknast funksjonshemming av minst 2 – 3 års varigheit. Nedsett helsetilstand p.g.a. høg alder vil ikkje automatisk gje følgjekort.*

*Det vert ikkje gjort noko økonomisk behovsprøving i samband med søknaden og ordninga er ikkje knytt opp til om søkar er trygda*

*Mot at den funksjonshemma sjølv løyser ordinær billett, får ho/han ta med seg følgje gratis der følgjekort er akseptert. For ein funksjonshemma som er trygda og har honnørkort, vil "ordinær" føre til honnørpris på dei stader som har innført honnørprisordninga.*

*Følgjekort er gratis, og minste alder for å få slikt kort er normalt 8 år.*

*Den funksjonshemma vel sjølv sitt følgje. Det kan til eksempel vere ven, støttekontakt, familiemedlem. For å kunne vere følgje, må ein ha fylt 16 år.*

*For den funksjonshemma som er avhengig av fleire følgje til tider, vil dette gå fram av følgjekortet. Om ordninga vert misleghalden, vert følgjekortet inndrege.*

*Alle innbyggjarar som får følgjekort, vert registrert med namn og adresse i eit enkelt dataregister.*

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Dersom personar treng assistanse/følgje for å kome seg på aktivitetar, delta i organisasjonsarbeid og kulturaktivitetar, kan dette gjevast etter søknad, om helse og omsorgstenester i form av støttekontakt, personleg assistanse/BPA

Med helsing

Bernt Fjordheim  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

NFU Hordaland fylkeslag

Reio 15

5208

OS